

RUNAR FJELDSTAD  
Sæbøvegen 551  
5938 SÆBØVÅGEN

---

<b>Dato</b>	30.08.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/73094-2
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Dispensasjon frå byggegrense - fv. 5480 - tilbygg - gnr. 471 bnr. 18 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 21.08.2023.

### Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa for å legalisere eit tilbygg på ein einebustad som vart oppført i 1967-1968.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5480 Sæbøvegen for å legalisere tilbygg på gnr. 471 bnr. 18 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 23.06.2023.
2. Avstanden frå tilbygget (inkludert takutspring) til senterlina på fv. 5480 Sæbøvegen skal vera minst 47 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5480.

### Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 300. Fylkesvegen er klassifisert som lokalveg jf. Rammepplan 2021-2024.

Det er søkt om å legalisere av allereie oppført tilbygg på bustad. Vi vurderer at tiltaket ikkje er til hinder for bruken av fylkesvegen, og gir dispensasjon frå byggegrensa for å legalisere tilbygget.

**Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Kari Elster Moen**

fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**

rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

1 **situasjonsplan\_A10\_Situasjonsplan.pdf**